

Saksbehandlar: Olav Øyrehagen, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/1659-1

Driftsstøtte til storvald

Kommunalsjefen tilrår viltnemnda å gjera følgjande vedtak:

1. Sogndal kommune kan gi støtte til storvald tilsvarande 10 % av innbetalt fellingsavgift.
2. Vilkår for støtta er at storvaldet har fem jaktfelt som tidlegare har vore egne vald, at sett-hjortskjema og fellingsrapport er levert og at det er levert godkjend søknad.
3. Utbetalinga skal skje frå viltfondet og er i tråd bruken av kommunale viltfond jf. § 5 i viltfondforskrifta.

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn for saka

Sogndal kommune har motteke søknad frå Fjærland storvald om støtte til drift av storvaldet. Det er søkt om driftsstøtte tilsvarande 10 % av innbetalt fellingsavgift.

Praksis i gamle Sogndal kommune har vore at Storvalda kan søkja om 10 % av innbetalt fellingsavgift i driftsstøtte.

Føremålet med driftsstøtta var å kopensera storvalda for spart arbeidsmengd for kommunen og stimulera til samanslåing i storvald.

I samband med dette bør det gjerast ei avklaring kring tildeling av driftsstøtte til storvalda i kommunen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Bruk av viltfondet er styrt av forskrift om bruk av kommunale og fylkeskommunale viltfond. § 5 seier at viltfond m.a. kan nyttast til jaktorganisering i kommunen. Driftsstøtte til storvalda er difor stetta av § 5 i viltfondforskrifta.

Ei støtte frå viltfondet til storvalda kan føra til at fleire vald kan bli stimulerte til å samarbeida med andre. Dette vil gi minke arbeidsmengda til kommunen og gi grunnlag for ei betre forvaltning av hjortestammen. Det er eit uttalt mål for Miljødirektoratet at forvaltingsområda vert samla i større einingar.

Vi meiner det bør stillast enkelte kriterie til storvalda for at dei skal kunne utløysa tilskot. Det kan stillast krav om at storvaldet skal innehalda 5 jaktfelt som har vore sjølvstendige vald, og at alle jaktfelte har levert ferdig godkjende sett-hjortskjema og fellingsrapportar på hjorteviltregisteret. Det vil vera valdleiar sitt ansvar å påsjå at denne informasjonen er korrekt. Valdleiar bør også jobba for at alle jaktfelte registrerer slaktevevter. I tillegg til dette bør valdet som skal motta ei slik støtte ha eit eige føretaksnummer med eige bankkontonummer. Dette sikrar at bruken av tilskotet blir etter føremålet.

Vår vurdering er at ei slik støtte kan leggja grunnlag for ei betre forvaltning av hjortestammen ved belønning av ynskja organisering og registrering av opplysingar.

Driftstøtta bør betalast ut årleg, og gjerast administrativt då råma for støtte vert handsama politisk. Vi tilrår at det vert utbetalt støtte for 2020 utan vilkår om sett-hjortskjema då dette er kriterie som vert fastsett på noverande tidspunkt. Alle vilkåra vert då gjeldande frå jaktseasonen 2021.

Storvalda kan senda inn søknad om støtte frå viltfondet til kommunen innan 10. januar. Søknaden bør innehalda informasjon om tidspunkt for siste årsmøte, kontoutskrift og ein enkel årsrapport.

4. Konklusjon

Sogndal kommune kan gi støtte til storvald med 10 % av innbetalt fellingsavgift.

Storvaldet må ha meir enn 5 jaktfelt som tidlegare har vore sjølvstendige vald.

Vilkår for støtten er at valdet har levert korrekte sett-hjortskjema og fellingsrapport for alle jaktfelte. I tillegg må det søkjast innan 10. januar for inneverande år. Storvaldet må vera registrert me eige organisasjonsnummer og

Saka er handsama etter § 5 i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond.